

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14029 - 21/48312

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla endringsøknaden - gbnr 137/109 Alver

Tiltak: Bustadblokker
Byggjestad: Gbnr: 137/109
Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Alver kommune viser til søknad om endring av godkjend tiltak på gbnr 137/109 mottatt 01.02.2021 med revidert søknad mottatt 05.05.2021. Søknaden gjeld endring av byggehøgder for bygg 1 og bygg 2. Vi beklagar sein tilbakemelding. Dette skuldast redusert kapasitet ved byggesaksavdelinga.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt nabovarsel
Det går fram av søknad om endring som er mottatt 01.02.2021, og nabovarselet som er sendt ut, at endringa gjeld byggehøgde for bygg 1 og at det ikkje er endringar elles i tiltaket. Revidert søknad mottatt 05.05.2021 viser derimot at det også er endringar i bygg 2. Vi kan ikkje sjå at det er sendt ut nytt nabovarsel som viser at det er endringar i bygg 2 og.

Endringa i byggehøgde for bygg 2 er større enn for bygg 1, men innanfor den byggehøgda planen fastset. Det er vår vurdering at endringa må varslast på ny.

2. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan, jf. SAK § 5.3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.08.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland Byggutvikling AS

Stølen 26A

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN